



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	06.11.2025	
Kommunestyret	18.11.2025	

Ridesenteret i Rauland - Vidare drift

Vedlegg

- 1 Forretningsplan RiR 2026 1125
- 2 Enkel vurdering rundt Ridesenteret i Rauland og eventuelle konflikter med EØS regler om offentlig subsidiering og konkurransevridding

Bakgrunn

I kommunestyresak 25/2025 vart det gjort vedtak om å få avklaring og eit betre grunnlag for å vurdere eventuell vidare drift og ein samla forretningsplan. Denne skulle ligge føre til politisk handsaming innan oktober 2025, men har av ulike årsaker blitt litt forseinka.

Heilt konkret skulle ein utgreie korleis ridesenteret kan fungere som en institusjon i Vinje for rehabilitering, rekreasjon, reiseliv, kultur og aktivitetar, herunder vurdering av ulike berekraftige eigarskapsmodellar.

Vurdering

Målsettinga med dette forprosjektet er å avklare om det er mogleg å drive eit ridesenter på Rauland i åra som kjem. Hovudmålet for 2026 er å drive etter ny forretningside og plan for vonleg å få ei sunn og god drift. Ein har sett på dei ulike kjeldene for inntekt, samt kva for behov ein trur det er innan for eksempel helse og oppvekst, t.d. terapiriding.

Ein sentral faktor er arbeidet med utanforskap, friskliv og psykisk- og fysisk helsevern.

Her i Vinje/Rauland har me eit Ridesenter som er bygd opp over snart 40 år. Det er innarbeidd som ein del av lokalsamfunnet. Det er ein ressurs som har vore nytta som ein aktiv del i arbeidet med å gje mange unge ei meningsfull fritid. Det har òg vore eit viktig supplement til tilbodet for alle dei tusen som har hatt opphald ved Rehabiliteringssenteret AiR i alle desse åra.

No står ein ved eit vegskilje der ein må vidareutvikle drifta og funksjonen til Ridesenteret i Rauland (RiR), legge den om eller avvike. Som eit ledd i ein ny forretningsplan har det forma seg nokre rammer som er relevante for at Ridesenteret i Rauland skal bli ein ressurs som gjev større gevinstar enn kostnader for kommunen.

- RiR skal vera LEDANDE på hesterelaterte helsetenester i regionen
- RiR skal vera miljøskapande for tilsette og brukarar. Vi skal vera eit verktøy for å betre integrering og redusere utanforskap i kommunane i området.
- RiR skal levere høg kvalitet ifm. ridesenteraktivitetane

Dette endar opp i ein visjon som lyder slik:

«RiR skal bli de leiande ridesenteret i regionen innanfor rideopplæring og hest brukt i fritid og helse.»

Faktisk.no, Vista Analyse, NTNU, Oslo Economics har rekna seg fram til ein samfunnskostnad frå 10-17 mill. for ein ungdom som ikkje kjem seg i arbeid. Men bedriftsøkonomisk er det vanskeleg å få drift av eit ridesenter til å gå i hop utan årlege kjøp og tilskot frå kommunen, i alle fall i ein 3-5 års periode no i starten. Men etter kvart som ein får etablert seg i marknaden, vil ein tru at det vil koma meir og meir inntekter frå andre hald, som til slutt vil føre til at verksemda vonleg går på egne føter.

Økonomi:

Det er laga eit budsjett basert på tidlegare tal og drift som er slik:

Driftsbudsjett

	ÅRSBUDSJETT
Salgsinntekter AiR	240 000
Salgsinntekter Kommune	0
Salgsinntekter Rideskule/Kurs/Leir	1 198 000
Salgsinntekter Div privat & turist	269 775
Tilskot	0
Sum Innt Produkter/Tjeneste	1 707 775
Direkte drift av hest	715 500
Dekningsbidrag	992 275
I prosent	58,1 %
Sum Diverse	
Varekostnad	0
Dekningsbidrag DDI	0
Tjenester Andre	0
Sum Driftsinntekter	1 707 775
Varekost/Dkost hest	715 500
Dekningsbidrag	992 275
I prosent	58,1 %
Personalkostnader	2 124 861
Driftskostnader	874 500
Avskrivninger	50 000
Sum Driftskostnader	3 049 324
Driftsresultat	(2 057 049)
Netto finansposter	23 000
Resultat før skatt	(2 080 049)
Skattekostnad	-
Årsresultat	(2 080 049)

Foreløpig inntektsbudsjett

Navn	ÅR TOTAL
AiR	240 000
Vinje Kommune Helse F	0
Vinje Kommune Helse P	0
Vinje Kommune Skule	0
Vinje Kommune diverse	0
NAV	0
Tokke Kommune	0
Tinn Kommune	0
Rideskule	650 000
Weekendkurs	240 000
Sommerleir/ Sommerkurs	288 000
NRYF	20 000
Stalldag barnehage	120 000
Hest for helse - Besøksdag eldre	40 000
Aktivitetsdag Foreldre/ Barn	30 000
Studenter	26 000
Privattimer/Turistridning i hall/ strøtmer	45 000
Turist - Aktivitet ridetur m/ stallbesøk	8 775
Tilskot Bufetat/Bufdir	0
Tilskot TFK	0
Annet	0
SUM	1 707 775

Dette syner behov for eit engasjement frå kommunen gjennom tenester eller tilskot på vel kr 2 mill. i startåra. Korvidt det er realistisk å leggje til grunn at dei to store tenesteområda i vår kommune vil auke bruken av tilbodet hjå RiR, samstundes som ein står føre ei framtid med fokus på optimalisering av kommunes drift og reduksjon av rekrutteringsbyrden, er kommunedirektøren i tvil om.

Rapporten tilrår at ein held fram drifta som aksjeselskap på ideelle (non-profitt) vilkår, ettersom det er samfunnsnyttige forhold som gjer at kommunen engasjerer seg. Ridesenteret er viktig som miljøfaktor og møteplass for unge og eldre som ønskjer eit trygt, variert og inkluderande tilbod. Ser på til dømes organisasjonar som [Hest og helse](#) og andre, så er det eit klart folkehelseperspektiv i eit vidare «liv» for ridesenteret.

Kommunen gir faste tilskot til idrottslaga, tek over fotballbanevedlikehald, bruker betydelege midlar på både ski- og snøskuterløyper. Det ville såleis ikkje vore urimeleg at ein også bidreg til at dei hesteinteresserte framleis har ein arena. Kommunen har starta strategiarbeidet *Oppgåvebasera arbeidsmarknad*. I første rekke for oppgåver innan Helse og meistring. Det å bruke ridesenteret som arena for å utforske eit samarbeid på like premisser mellom det offentlege, frivillige/ideelle organisasjonar og innbyggjarar for å skape betre velferd og eit fortsatt aktivt lokalsamfunn, kan vere ein spennande inngang dersom ein politisk kan prioritere midlane til gje det eit forsøk.

Kommunedirektøren ser dilemmaet, ettersom det økonomiske handlingsrommet for Vinje kommune er under aukande press med dagens driftsmodell, og dette vil vere ein av fleire ikkje-lovpålagde oppgåver i kommunen si portefølje. Likevel er dette viktig for kanskje mange fleir enn det ein kan tru og ser i fyrste omgang.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Vinje kommune set av inntil kr 2 mill. pr år i tre år gjeldande frå 2026 i tilskot til drift av Ridesenteret i Rauland. Finansiert over næringsfondet.
2. Det er eit vilkår for løyvinga at kommunen overtek drifta av selskapet og endrar det til ein non-profitt-organisasjon som er søkegod for tilskot frå stiftelsar og andre ideelle organisasjonar.
3. Kommunedirektøren kjem attende med eit endeleg framlegg til organisering.